



GLIMT AV GODVÆR: Fleire enn arrangørane hadde turt å håpa på var tøffe nok til å trossa regn og bølger for å ta del i årets fiskekonkurranse. Glimt av godvêr fekk dei også. (Foto: Kjetil Osablod Grønvingh)

Fisken beit i drittvêret

Det vart ein særdeles våt start då opninga av Kystsogevøkene vart markert på Vedholmen laurdag, men fisken beit.

► VEDHOLMEN

– Det vart skikkeleg drittvêr, for å seia det rett ut, så vi hadde ikkje så mange påmeldte, men vi er likevel veldig godt nøgde med arrangementet, seier Magnus Kristian Lyssand, leiar i Os Fritidsfiskarlag som står som arrangør.

Opninga av Kystsogevøkene i Os, med fiskekonkurranse frå sjø og land, underhaldning på kaien, lotteri og sal av kortreist mat på Vedholmen, har etter kvart blitt ein mangeårig tradisjon.

Færre enn vanleg

Os Fritidsfiskarlag heitte tidlegare Os småfiskarlag, men skifta namn for kring halvtanna år sidan.

– Vi skifta til det vi meiner er eit meir passande namn. I dag er det fritidsfiske dei fleste driv med, forklarar leieren i laget.

Opningsarrangementet har dei fått god rutine på, for det har laget sytt for så lenge Kystsogevøkene har vorte arrangert. Arrangøren er van til rundt 100 påmeldte. I år hadde dei 60.

– Vi hadde nesten ikkje trudd det skulle koma folk i det heile, så det var tross alt ganske mange folk med tanke på vêret. Elles gjekk arrangementet knirkefritt, fortel Lyssand.



FISKEVÊR: – Det er godt fiskevêr, sa ein av deltakarane, fortel Kjetil Osablod Grønvingh frå kulturkontoret i Os kommune, som også er medarrangør. (Foto: Kjetil Osablod Grønvingh)

Trur folk kvitte seg

Leieren i Os Fritidsfiskarlag fortel om mykje bølger og øsande regnver.

– Det var sikkert mange som kvitte seg for å ta sjøvegen i dag.

I år som andre år var det premie i tre klassar i fiskekonkurransen.

I den yngste klassen, for dei opp til ti år, gjekk førstepremien i år til Henrik Lid for mest fisk med totalt 12.3 kg.

Feliks Hagevik Vedholm kunne skilta med 11.3 kg og fekk med det annedrepemien.

Dei minste får mest

Tredjepremien gjekk til Lena Lekven for største fisken. Med 2.8 kg slo ho alle konkurrentane uansett klasse og vart dermed også vinnar av hovudpremien, som i år var ein krabbekokar.

– Dei i minste klassen får mest fisk, seier Lyssand.

I klassen for dei mellom to og 16 år var det Tobias Austevoll Lyssand som fekk mest fisk totalt og dermed førstepremie. Men han nøyde seg ikkje med ein premie, for i tillegg hadde han den største fisken i sin klasse og fekk tredjepremie for den.

Viktoria Flatebø fekk andrepemie for

nest mest fisk i denne klassen.

Fråfall

I klassen for dei over 16 år melder Lyssand om stort fråvær under dagens konkurranse.

– I dag trur eg dei var mest med ungane sine og fiska, så det var få som hadde fått noko særleg fisk.

Noko vart det likevel og Evy Renate Fyllingen fekk to premiar, både førstepremie for mest fisk og tredjepremie for den største fisken.

Roy Söderlund drog inn nest mest fisk i kg i den eldste klassen.

► Åsa Nord

asa.nord@osogfusa.no

Om taterane sitt møte med det norske storsamfunnet

VITJAR SENIOR-UNIVERSITETET: Torgeir Skorgen har gitt ut bøker og artiklar om rasisme, rasehygiene, nasjonalisme, migrasjon og nasjonale minoritetar. (Foto: Universitetet i Bergen)



Tysdag 29. august kjem førsteamanuensis Torgeir Skorgen til Fusa senioruniversitet og skal tala om taterane sitt møte med det norske storsamfunnet.

Møtet mellom det norske storsamfunnet og dei reisande, på folke- og tatermunnne kalla taterar, var prega av dragning, spenningar og frykt. Men det var også prega av eit tett arbeidsfelleskap, der dei reisande var spesialistar på mellom anna hestar og metallhandverk. Og dei lærte seg kvar på gardane dei var velkomne

og ikkje.

På Vestlandet reiste mange også sjøvegen og vart kalla splint. Dei omgav seg ofte med ein viss mystikk for å verna om levestett sitt og motsette seg fornorskingspolitikken frå den norske staten og omstreifarmisjonen si side.

På 1800-talet byrja Eidsvollspresten Eilert Sundt å utforska «fante-folket» sitt språk og levestett. Han skulle etter kvart gå inn for ein sosial omsorgs- og assimileringsspolitikk, som etter kvart gjekk over i tvang. Siktemålet var at dei reisande skulle avlæra kulturen og den omreisande livsstilen sin og bli bufaste norske bønder og skogbrukarar. Slik vart dei reisande påført eit sosialt stigma, som mange framleis slit med den dag i dag. Har vi fram-

leis noko å lære av denne historia?

Torgeir Skorgen er førsteamanuensis i tysk litteratur og kulturhistorie ved Universitetet i Bergen og har gitt ut bøker og artiklar om m. a. rasisme, rasehygiene, nasjonalisme, migrasjon og nasjonale minoritetar. Han har også forska på dei nasjonale minoritetane si historie her til lands.

Me innbyr interesserte i alle aldrar til eit nytt møte der kunnskap blir levert så å seie på sølvfat i heimkommunen din. Kom i flokk! Og bidra med di deltaking til ei triveleg stund med sambygdingar!

Bjørghild des Bouvrie
Fusa senioruniversitet

KUNNGJERING & ARRANGEMENT



VAL

Stortingsvalet 2017

Førehandsrøysting i kommunetorget på rådhuset

Opningstider:

måndag kl. 08.00 – 17.00

tysdag til fredag kl. 08.00 – 15.00

Ekstra opningstider:

torsdagane 24.8., 31.8. og 7.9. kl. 08.00 – 17.00

laurdagane 26.8. og 2.9. kl. 10.00 – 14.00

Hugs legitimasjon og valkort

Førehandsrøysting på skular og institusjonar

Dato:	Stad:	Klokkeslett:
29. aug	Os gymnas	11.30 – 12.30
31. aug	Os VGS	11.15 – 12.40
1. sept	Kongshaug musikk gymnas	11.30 – 12.30
4. sept	Kysthospitalet	11.30 – 12.30
5. sept	Ravneberghaugen	10.00 – 11.00
5. sept	Gymnasvegen	12.00 – 12.30
6. sept	Luranetunet	11.15 – 13.15
7. sept	Gamleheimshagen	12.00 – 13.00

Heimerøysting

Veljær som på grunn av sjukdom eller uføre ikkje kan røyste ved ordinær førehandsrøysting eller i vallokalet på valdagen 11. september, kan søkje om å få røyste heime. Ønskjer du heimerøysting, ring Gunvor Heggland tlf. 56 57 50 20 eller Martha Heggland mob. 911 07 576 før onsdag 6. september kl. 10.00.

Les meir om stortingsvalet på oskommune.no

Os kommune | T: 56 57 50 00
postmottak@os-ho.kommune.no
oskommune.no



INSPIRERER

OVER NORGE PRESENTERER

«Humor i særklasse!»

WINNER AV KOMPRISEN

Christine HOPE

HOPE • SKULDER • KNE OG TÅ

OS • OSEANA

LØRDAG 28. OKTOBER KL 18

BILLETTER: TICKETMASTER.NO • 815 33 133



KYSTSOGEDAGAR
i Sævareidfjorden

STRIKESHOW m/ Cato og Claus laur. 26. aug. kl. 19.
Førehandssal: Spar Fusa/Tønnekafeen/Nærbutikken Sævareid.

KYSTSOGEDAG søndag 27. aug. kl. 12-17.

Program både i Sævareid og på Engveik Gaard.
Utstilling - Kåseri - Torghandel - Konsertar m.m.

M/S Midthordland går frå Osøyro kl. 10.30 og Strandvik ca. kl. 11.30. Retur frå Engveik kl. 17.00. Rundtur kr 200,- for vaksne – born gratis. Fjordturar med M/S Midthordland og skyss med veteranbuss heile dagen. Rundtur kr 50,-.

For detaljert program, sjå: www.fusa.kommune.no

Arr: Sævareidfjorden ungdomslag i samarbeid med Fusa kommune og Kystsogeveken.

Syng med oss- KONSERT

i KULTURBEDEHUSET på Vinnes
søndag 27. august kl. 16.00.

Det blir korsang, allsang, enkel servering og utlodning. Kr 100,-.

Hjertelig velkommen! Arr: Strandvik blandakor

Fusa Svømmeklubb

starter opp

VANNTILVENNING
og **SVØMMEKURS**

i bassenget på FRAMO AKTIV
mandag 4. september
for barn født 2012 eller tidligere.

For info. og påmelding kun til
e-post: fsk@bkkfiber.no

KONSERT

TROLLBUNDET AV OLE BULL

Brage Sæbø/Johanne Haugland – fiolin

Annabel Guaita/Marko Nouwens/Knut Christian Jansson – piano

HVER SØNDAG I JULI OG AUGUST KL.13



• 12.15 Omvisning i Ole Bulls villa
• 13.00 Konsert
• 14.00 Tur til «Grotten» sammen med musikerne
Båt til Lysøen 11:15 og 11:30 Retur kl 15:50 og 16:10
Åpen kafé
Ønsker du også busstransport til konserten?
Avreise Turistinformasjonen i Bergen kl. 10.30
tilbake ca. 16.00

KODE OLE BULL MUSEUM LYSØEN ticketmaster.no lysøen.no

Kystsogedagane:

Markerer 150-årsjubileet til Sævareid pap og kartonfabrikk

Programmet for kystsogedagane i Sævareid komande helg, er tettpakka. Ein raud tråd i programmet er feiringa av M/S Midthordland sitt 70-årsjubileum og markeringa av at det er 150 år sidan Sævareid pap og kartonfabrikk vart grunnlagt.

Søndag vert det både kystsogedag med ope tun og torgdag på Engevik Gaard og markering av Sævareid sitt 150-årsjubileum i ungdomshuset Breidablikk i Sævareid sentrum.

- Sævareid var lenge den einaste utprega tettstaden i Fusa og hadde i glanstida til fabrikkten tett på 1.000 innbyggjarar, fortel kulturleiar i Fusa, Erik Vangsnes.

Utekonserter

På Engevik Gaard vert det tradisjonen tru matserving og høve til å sjå seg om i husa som samtlege skriv seg frå den gamle militære sjefsgarden som vart bygd opp på 1700-talet.

- Det vert også to korte hagekonserter frå utescenen i Engevik med dei unge talenta Idar Rolland og Natasja Smørholm, fortel Vangsnes.

Kulturhistorisk transport

På det populære torget vert det alt frå lokale handverksprodukt til utstilling av kunst og sal av frukt, grønt og bakevarer. I tillegg vert utstillinga Gasta greie, med arbeida til Anja Tveiterås, presentert på Engevik gaard.

Programmet for dagen vert avslutta med utdeling av Anders Kåre Engevik sin kulturvernpris for 2017.

- Det vert sett opp kulturhistorisk transport mellom Engevik og Sævareid med veteranbuss landevegen og fjordkrus med M/S Midthordland sjøvegen, fortel Vangsnes.

- Vi håpar å lokka ekstra mange osingar med M/S Midthordland, legg han til.

Vakkert smykke

I 2017 er det 70 år sidan dronninga av Bjørnafjorden, M/S Midthordland, vart sjøsett frå Stord verft. M/S Midthordland gjekk i rute mellom bygdene i Os, Samnanger, Fusa og Tynes for Det Midthordlandske Damskibsselskap fram til 1962 då HSD overtok skipet og ruteferdsla.

- Som rutebåt på Bjørnafjorden hadde Midthordland sin siste tur i 1971 og båten vart seld ut av landet. Lokale entusiastar fekk M/S Midthordland heim att i 1994 og skipet er i dag eit vakkert smykke i ein veksande veteranskipflåte på Vestlandet, fortel Vangsnes.



INDUSTRIEVENTYR: Sævareid Karton og Papfabrik vart grunnlagt i 1867 og var starten på eit industrieventyr som varte i 110 år til 1977. Sævareid var lenge den einaste industribygda og utprega tettstaden i Fusa. - Her var 1. mai større enn 17. mai og ein hadde skip som kom frå framande hamner, fortel Erik Vangsnes.



TEK STRILANDE PÅ KORNET: Markeringa i Sævareid tek til allereie laurdagen. Då vert det nemleg Strileshow i Breidablikk med Cato & Claus alias Cato Jensen og Claus Sellevoll. (Pressefoto)

Utstilling i Breidablikk

I høve 150-årsjubileet til Sævareid Karton og Papfabrik er det laga ei fotoutstilling i Breidablikk i Sævareid som har fått tittelen «Livet i Sævareidfjorden gjennom 150 år». Hendrik Fasmer, namnebror og slektning til grunnleggjaren av

fabrikken, vil opna utstillinga søndag.

- Sævareid Karton og Papfabrik vart grunnlagt i 1867 og var starten på eit industrieventyr som varte i 110 år til 1977. Sævareid var lenge den einaste industribygda og utprega tettstaden i Fusa. Her var 1. mai større enn 17. mai og ein hadde

skip som kom frå framande hamner, fortel Vangsnes.

Markeringa i Sævareid søndag omfattar også kåseret «Fabrikken gjennom 150 år» med Lars Arne Markhus og kviss-løype gjennom sentrum med kart og spørsmål som alle kan gå i løpet av søndagen.

Strileshow

Men markeringa i Sævareid tek til alle-reie laurdagen. Då vert det nemleg Strileshow i Breidablikk.

Cato & Claus alias Cato Jensen og Claus Sellevoll stod bak den kritikarroste humørbomba «Singel & Sand» i Bergen i fjor haust. I denne framsyninga som dei kallar «Strileshow», går duoen endå tettare på dei ulike karakterane, og byr publikum på sketsjar, parodiar og songar frå strilemiljøet. Etter showet vert det dans med lokale «Roll And Rock».